

Saksprotokoll

Interpellasjon om kystkultursenter på Gjeving

Arkivsak-dok.	16/3302		
Saksbehandler	Aslaug Olea Berg		
Behandlet av		Møtedato	Saknr
1 Fylkestinget		14.02.2017	17/3

Her kopieres Innstilling fra Protokoll

Fylkestinget har behandlet saken i møte 14.02.2017 sak 17/3

Svar fra fylkesordføreren:

Vedlagde svar har henta bakgrunnsinformasjon fra artiklar i Tvedestrandsposten fra 19. november 2016, 14. januar 2017, 26. januar 2017, og Agderposten 18. januar 2017.

Lyngørfjorden kystkultursenter skal byggjast på tomta til Lyngør båtbyggeri, og planlagd oppstart er sensommeren 2017. Bygget skal stå ferdig innan utgangen av 2019. I følge Tvedestrandsposten (26.01.2017) er det Stiftelsen Lingard skuteminne som skal bygge, eige og drifte kystkultursentret i Vinterstøbukta.

Ønsket er å gjera den store skutesamlinga meir tilgjengeleg, og initiativtakarne ser gjerne at nybygget vert eit opplevings- og informasjonssenter som kan huse skutesamlinga og eit mogleg besøkssenter for Raet landskapsvernområde. I følge avisartiklane er allereie ein del finansiering på plass til nybygget. Najaden Holding AS har gitt stiftelsen gratis opparbeiding av tomta der bygninga til kystkultursenteret skal oppførast. Stiftelsen skal betale Najaden Holding AS 10 000 kr per år for leige av grunn i 99 år, med rett til fornying på same vilkår. Tore Bjørn Hansen har gitt skutesamlinga til stiftelsen. I tillegg er det donert ein del pengegåver til å oppføre bygget.

Aust-Agder fylkeskommune har per 5. februar 2017 ikkje blitt kontakta av Stiftelsen Lingard skuteminne. Fylkesordføraren har derfor ikkje i dag innsikt og grunnlag for å vurdere kvaliteten og omfanget av skutesamlinga. Fylkeskommunen er positive til å opprette ein dialog med stiftelsen og Tvedestrand kommune omkring skutesamlingen.

Sjøfartssamlinga til Stiftelsen Lingard skuteminne bør sjåast i samanheng med samlingene til andre lokalmuseer i Aust-Agder. Fleire lokalmuseer i Aust-Agder eiges av kommunar eller stiftelser, og ei problemstilling for fylkeskommunen er å sikra lik handsaming av lokalmusea. Det er naturleg at det i eit slikt arbeid vert avklart kva for

ei rolle fylkeskommunen skal ha overfor lokalmusea, mellom dei Lingard skuteminne, men hovudansvaret for dei lokale musea er å sjå på som kommunalt. Aust-Agder museum og arkiv kan bidra med fagleg rådgivning til lokalmusea. Eit høve for Stiftelsen Lingard skuteminne kan vera å inngå samarbeidsavtale med Aust-Agder museum og arkiv viss behovet for museumsfagleg rådgivning er til stede for stiftelsen.